

Utvida stipend til skulepengar ved utvalde lærestader

Påverker det utanlandsstudentane sitt val av
studiestad?

Notat nr. 2/2022

Utvida stipend til skolepengar ved utvalde lærestader – Påverker det utanlandsstudentane sitt val av studiestad?

Redaktør:
Beate Ellingsen

Forfattarar:
Tom Halfdan Tobiassen og Emil Centerham Huster

Innhald

1. Samandrag	5
2. Innleiing	7
2.1. Endringar i tilleggsstipendlista	7
2.2. Tidlegare undersøkingar	9
2.3. Metode og data	9
3. Tilleggsstipend og plassen det har i skulepengestøtta.....	11
3.1. Tilleggsstipend i tal	12
4. Historikk – frå sentral styring til internasjonale rankinglister	15
4.1. 1980-talet: Innføring med vektlegging av fagretningar og masternivå.....	15
4.2. 2005–2006: Frå utdanningar til institusjonar	16
4.3. 2016–2017: Internasjonale rankinglister som grunnlag for tilleggsstipendlista.....	17
5. Endringa i 2016–2017: Påverka den studentane sine val?	18
5.1. Storbritannia – har meir eller mindre stipend ein verknad?.....	20
5.2. Kontinentaleuropa – har informasjon ein sjølvstendig verknad?.....	22
5.3. Tilleggsstipendlista ikkje tilstrekkeleg?	24
6. Oppsummering.....	25
7. Litteratur.....	27
8. Vedlegg	28

Figurar

Figur 1: Fordeling av lån og stipend, skulepengestøtte i 2019-2020 ved masterutdanninger i utlandet der studentane betaler høvesvis 50 000 kroner, 150 000 kroner og 350 000 kroner i skulepengar, på tilleggstipendlærestader og ikkje-tilleggsstipendlærestader.....	11
Figur 2: Skulepengar til gradsstudium i utlandet, stipend og lån i 2019-kroner (millionar).....	12
Figur 3: Talet på påbyrja gradar utanfor Norden, fordelt på tilleggsstipendlærestad og nivå.....	13
Figur 4: Del av studentar med påbyrja grader ved lærestader på tilleggsstipendlista, der tilleggssstipendet var tildelt	19
Figur 5: Oppstarta utdanninger i Storbritannia fordelt på lærestader som kom inn på og gjekk ut av tilleggsstipendlista i 2016-2017 og resten, indeksert for 2015-2016	21
Figur 6: Oppstarta gradsutdanninger i Sveits, Nederland, Tyskland, Belgia og Frankrike, fordelt på lærestader som kom inn på tilleggsstipendlista i 2016-17 og resten, indeksert for 2015-16.....	23

Tabellar

Tabell 1: Talet på lærestader på tilleggsstipendlista 2005-06 - 2019-20, fordelt på land	8
Tabell 2: Endringar i talet på lærestader på tilleggsstipendlista frå 2015-16 til 2016-17.....	18

1. Samandrag

For å påverke studentar i utlandet til å ta utdanningar av topp kvalitet har Lånekassen eitt verkemiddel – tilleggsstipendet.¹ Tilleggsstipend gjev vi til studentar ved utvalde lærestader i utlandet, men berre når studentane betaler svært høge skulepengar. I studieåret 2019–2020 måtte ein student betale meir enn 133 752 kroner i skulepengar for at tilleggsstipendet skulle utløysast. Dette notatet beskriv plassen tilleggsstipendordninga har i støtta til utanlandsstudentane, og hovudendringane i forvaltninga av ordninga og ser på utviklinga i talet på studentar ved lærestadene som har vore ein del av ordninga.

Opphavleg var ordninga retta mot sivilingeniørutdanning i Storbritannia og Nord-Amerika, og vart gradvis utvida til å gjelde fleire utdanningsretningar som informatikk og økonomisk-administrative fag, hovudsakleg på masternivå i engelskspråklege land. På midten av 2000-talet vart ordninga meir retta mot kvaliteten på lærestadene, og i studieåret 2016–2017 vart utvalskriteria til lista over utvalde lærestader endra. Dei nye kriteriana innebar at dei internasjonale rankinglistene Times Higher Education (THE) og Academic Ranking of World Universities (ARWU) skulle leggast til grunn for utforminga av lista.

Dei nye utvalskriteria medførte at talet på lærestader gjekk frå 92 i 2015–2016 til 120 i 2016–2017. Det var 50 nye lærestader som kom inn på lista medan 22 lærestader forsvann ut, og lærestader frå fleire land enn tidlegare vart representerte blant dei utvalde lærestadene. Dette gjev oss høve til å undersøkje om endringane på lista påverka studentane sitt val av lærestader.

I Storbritannia, der skulepengane generelt er høge, finn vi ei stor endring frå 2015–2016 til 2016–2017. Blant lærestadene som forsvann ut av lista, var det ein nedgang på 45 prosent i talet på studentar som starta utdanningar, medan det på lærestader som kom inn på lista, var ein auke på 18 prosent. Desse endringane varte ved i dei påfølgjande undervisningsåra.

I dei kontinentaleuropeiske landa som fekk lærestader på tilleggsstipendlista (Nederland, Tyskland, Frankrike, Belgia og Sveits) er skulepengane generelt låge, noko som gjer at tilleggsstipendet svært sjeldan blir tildelt. Likevel var det i løpet av to år meir enn ei dobling av talet på studentar som starta utdanningar ved lærestadene som kom inn på lista i 2016–2017 i desse landa. Ved dei resterande lærestadene i desse landa har talet på nye utdanningar vore forholdsvis stabilt.

Dette kan tyde på at tilleggsstipendlista både har ein *økonomieffekt* ved at studentane blir tildelte meir stipend, og ein *informasjonseffekt* ved at ho opplyser studentane om kva for lærestader som har høg kvalitet. Begge desse funna bør likevel tolkast forsiktig, då talet på studentar er relativt lågt, og andre faktorar som endra valutakurs og politisk ustabilitet kan ha påverka studentane sitt val av lærestad.

¹ Tilleggsstipendet har i forskriftene f.o.m. 2020–2021 bytt namn til «Utvida stipend til dekning av skulepengar ved utvalde lærestader». Vi vil i dette dokumentet omtale det ved det gamle namnet «tilleggsstipend».

Oppsummert finn vi relativt tydelege indikasjonar på at studentane responderer på endringar i den økonomiske støtta dei får frå Lånekassen.

2. Innleiing

Korleis kan ein påverke studentar til å ta utdanning i utlandet av høgaste kvalitet?

Lånekassen er for mange studentar ein føresetnad for å kunne ta utdanning i utlandet. Det gjeld både studentar som tek heile gradar i utlandet og utvekslingsstudentar som tek ein del av graden sin i utlandet. For å få støtte frå Lånekassen til høgare utdanning i utlandet er hovudregelen at det eit krav at utdanninga studentane tek, må kunne gjevast generell godkjenning som høgare utdanning i Noreg av Nokut (Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga).

For å fremje utdanning i utlandet av høgaste kvalitet har Lånekassen eitt verkemiddel – tilleggsstipendet. Tilleggsstipend skal bidra til at studentar skal velje å studere ved dei beste lærestadene i utlandet. Når studentar må betale meir enn ein viss sum i skulepengar per undervisningsår, blir det utløyst eit tilleggsstipend for å dekkje ytterlegare skulepengar dersom lærestaden er på tilleggsstipendlista.

I studieåret 2019–2020 var det 140 lærestader på tilleggsstipendlista, og tilleggsstipendet kunne gjevast dersom studenten betalte meir enn 133 752 kroner i skulepengar. Dersom studenten betalte mindre enn dette i skulepengar, vart det ikkje gjeve ekstra støtte til studentar ved lærestader av spesielt høg kvalitet utover den ordinære støtta. I 2019–2020 delte Lånekassen ut 94 mill. kroner i tilleggsstipend.

I dette notatet beskriv vi i innleiinga i kapittel 2 endringane som vart gjort i 2016–17, medan kapittel 3 beskriv nærare plassen tilleggsstipendet har i støtta frå Lånekassen. Kapittel 4 ser nærare på korleis ordninga har endra seg historisk frå å leggje vekt på enkelte utdanningsretningar til berre å basere seg på eit kvalitetskriterium. I kapittel 5 undersøker vi nærare om endringa i 2016–17 ser ut til å ha bidrege til å påverke studentane sitt val av lærestader i utlandet.

2.1. Endringar i tilleggsstipendlista

For undervisningsåret 2016–2017 vart det gjort store endringar i tilleggsstipendlista, som viser kva for lærestader ein må studere ved for å kunne få tilleggsstipend frå Lånekassen. Som vist i tabell 1 var det tidlegare berre lærestader i USA, Canada, Storbritannia og Australia som var representerte på lista, medan utvalskriteria vart endra frå 2016–2017 slik at også lærestader i andre land kom inn på lista.

Tidlegare hadde utvalskriteria basert seg på kvalitet og høge skulepengar. Ettersom eitt av utvalskriteria var at det var høge skulepengar, var det hovudsakleg lærestader som hadde høge nok skulepengar til at tilleggsstipendet vart gjeve, som var på lista. I 2016–2017 fjerna ein *høge skulepengar* som utvalskriterium og baserte lista utelukkande på *kvalitet*. Dette vart operasjonalisert ved at dei høgast rangerte lærestadene på dei to internasjonale rankinglistene Academic Ranking of World Universities (ARWU) og Times Higher Education (THE) fekk ein plass på tilleggsstipendlista.

Samansetninga av tilleggsstipendlista vart monaleg endra som følgje av dei nye utvalskriteria. For det første auka talet på lærestader frå 92 til 120. For det andre var det ei stor utskifting av lærestader – 50 nye lærestader kom inn på lista og 22 forsvann ut. For det tredje vart fleire land enn tidlegare representerte på lista. For det fjerde kom det inn mange lærestader der skulepengane var for låge til å utløyse tilleggsstipend.

Tabell 1: Talet på lærestader på tilleggsstipendlista 2005-06 – 2019-20, fordelt på land

	2005-06	2006-07	2007-08	2008-09	2009-10	2010-11	2011-12	2012-13	2013-14	2014-15	2015-16	2016-17	2017-18	2018-19	2019-20
Australia	3	3	3	4	4	4	4	4	4	4	4	7	8	8	8
Belgia												2	3	3	3
Canada	1	1	1	3	3	3	3	3	5	5	5	6	6	6	6
Frankrike												3	3	3	3
Irland														1	1
Israel												1	1		
Japan												2	2	2	2
Kina												4	8	9	9
Nederland												8	8	8	8
Russland												1	1	1	1
Singapore												2	2	2	2
Storbritannia	24	33	33	33	29	27	27	27	26	26	26	18	20	20	20
Sveits												5	6	7	6
Sør-Korea												1	2	1	2
Taiwan															1
Tyskland												8	8	11	11
USA	56	56	56	60	57	57	57	57	57	57	57	52	56	56	56
Austerrike														1	1
Totalsum	84	93	93	100	93	91	91	91	92	92	92	120	134	139	140

Endringa i samansetninga av tilleggsstipendlista gjev oss høve til å sjå nærare på potensielle verknader lista har på valet studentar gjer av studiestad i utlandet. Den openberre funksjonen til tilleggsstipendlista er å regulere ved kva lærestader studentar kan få tilleggsstipend dersom skulepengane er høge nok. Ho har likevel også ein informasjonsfunksjon, ved at lista signaliserer kva for institusjonar som er anerkjende som kvalitetslærestader. Det er dermed tre hovudspørsmål vi vil sjå nærare på:

- Har fleire norske studentar byrja på studium ved lærestader som kom inn på lista?
- Har færre norske studentar byrja på studium ved lærestader som forsvann ut?
- Har fleire byrja på lærestader som kom inn på lista, men der skulepengane er for låge til at tilleggsstipendet blir gjeve?

I dette notatet har vi brukt data for fire undervisningsår der dei nye kriteria har vore lagde til grunn for utforminga av lista. Sjølv om dette er relativt få år, kan det likevel danne eit

grunnlag for å trekkje nokre slutningar om i kva grad tilleggsstipendlista er eit effektivt verkemiddel for å påverke norske studentar til å velje lærestader av høgaste kvalitet til studia sine i utlandet.

2.2. Tidlegare undersøkingar

Hovdhaugen og Wiers-Jenssen (2017) har undersøkt i kva grad forskjellige faktorar påverka studentar sitt val av lærestad i utlandet. Ved hjelp av spørjeskjema vart studentane bedne om å vurdere kor viktige tretten forskjellige faktorar var, som påverka valet deira av lærestad. Totalt oppgav 32 prosent av utanlandsstudentane at tilleggsstipendlista hadde hatt betydning, som gjorde det til den niande mest betydningsfulle faktoren for val av lærestad.

Av respondentane var det 14 prosent som oppgav at det hadde hatt «avgjerande betydning» om lærestaden var på tilleggsstipendlista. Dersom ein berre ser på avgjerande betydning, var lista den tredje mest innverknadsrike faktoren når det kom til studentane sine val. Berre faktorane «omdømmet til lærestaden» og «agentar var til hjelp i søknadsprosessen» var viktigare enn tilleggsstipendlista.

Med andre ord oppgav ein av sju utanlandsstudentar at tilleggsstipendlista hadde avgjerande betydning for valet av lærestad. Undersøkinga indikerer altså at tilleggsstipendlista og tilleggsstipendet er ein viktig faktor for ein stor del av utanlandsstudentane.

Undersøkinga baserte seg på svar gjevne i spørjeskjema. Har det ikkje tidlegare vore gjort undersøkingar for å måle kor viktig tilleggsstipendlista er, basert på registerdata frå Lånekassen. Dei relativt store utskiftingane av lærestader i 2016–2017 gjev oss høve til å nytte registerdata for å studere eventuelle verknader av at nokre lærestader kom inn på tilleggsstipendlista, medan andre forsvann ut.

2.3. Metode og data

Dataa i dette notatet er henta frå registerdata frå Lånekassen. Desse dataa gjev ei oversikt over studentar som har fått studiestøtte frå Lånekassen. For å undersøkje korleis tilleggsstipendlista påverkar studentane sine studieval, har vi teke utgangspunkt i *nyoppstarta gradar*. Vi har definert nyoppstarta gradar etter to kriterium:

- 1) Studenten har fått støtte til ein lærestad i utlandet som var ulik den førre lærestaden ho fekk støtte til, eller
- 2) Studenten har fått støtte til ein grad ved same lærestad i utlandet på eit anna nivå enn tidlegare (t.d. gått frå bachelor til master).²

² Lånekassen har ikkje strukturerte data som viser kva for gradar som er nyoppstarta gradar. Ved å definere nyoppstarta gradar på denne måten fangar vi ikkje opp studentar som skifter grad frå ei retning til ei anna, t.d. frå bachelor i økonomifag til bachelor i kunsthøgskule ved same lærestad.

Årsaka til at vi ønskjer å sjå på nyoppstarta gradar er at dette er ein indikator som viser effekten av endringar raskare enn den generelle tildelingsstatistikken. Studentar som byrjar på ein grad på ein lærestad som er på tilleggsstipendlista, men som seinare har falle ut av lista, vil få tildelt tilleggsstipendet i perioden dei får støtte til graden, unnateke når dei er forseinka i utdanninga. Dei blir derfor ikkje påverka av at lærestaden har falle ut av lista. Eventuelle effektar av endringar både i studielands popularitet generelt og populariteten til tilleggsstipendlærestadene spesielt, vil dermed fangast raskare opp ved å analysere nyoppstarta gradar.

I datauttrekket har vi ekskludert studentar ved lærestader i Noreg og Norden, då desse er underlagde eit anna regelverk, der ein ikkje har rett på tilleggsstipend. Vi har også ekskludert studentar som tek einskildemne i utlandet. Til slutt har vi ekskludert alle studentar som studerer på eit lågare nivå enn bachelor, t.d. dei som tek språkleg tilrettelegging eller som får støtte til vidaregåande opplæring i utlandet.


3. Tilleggsstipend og plassen det har i skulepengestøtta

Studentar i utlandet får basisstøtte til livsopphald. I tillegg får dei reisestøtte ut frå kva verdsdel dei skal studere i, og skulepengestøtte dersom dei skal betale skulepengar. Tilleggsstipendet inngår som ein del av skulepengestøtta, dersom lærestaden studentane skal studere ved, er på tilleggsstipendlista.

Ein student kan ikkje få meir i skulepengestøtte enn det ein faktisk skal betale i skulepengar. Tilleggsstipendet er eit stipend som kan gjevast som ein del av skulepengestøtta på utvalde lærestader, dersom skulepengane studenten må betale, overskrider ein viss sum. I 2019–2020 måtte studenten betale meir enn 133 752 kroner for at tilleggsstipendet skulle gjevast. Studenten får med andre ord berre tildelt tilleggsstipendet dersom ho studerer ved ein institusjon som krev høge skulepengar.

Skulepengestøtta er samansett av både lån og stipend. Figur 1 illustrerer fordelinga mellom lån og stipend i studieåret 2019–2020, for studentar som studerer på masternivå og betaler høvesvis 50 000 kroner, 150 000 kroner og 350 000 kroner ved både tilleggsstipendlærestad og ikkje-tilleggsstipendlærestad. Dei mørkerosa og lyserosa felta markerer lån, medan dei lilla og lillaskraverte felta markerer stipend. Den horisontale linja markerer innslagspunktet for tilleggsstipendet.

Figur 1: Fordeling av lån og stipend, skulepengestøtte i 2019–2020 ved masterutdanningar i utlandet der studentane betaler høvesvis 50 000 kroner, 150 000 kroner og 350 000 kroner i skulepengar, på tilleggsstipendlærestader og ikkje-tilleggsstipendlærestader



For studentar på masternivå gjev ein skulepengestøtta som 70 % stipend og 30 % lån opp til 68 400 kroner. For studentar på bachelornivå er fordelingsnøkkelen 50 % stipend og 50 % lån. Beløp over 68 400 kroner og opp til 133 752 kroner blir gjevne som lån. Dette gjeld uavhengig av om lærestaden er på tilleggsstipendlista eller ikkje.

Dersom studenten betaler meir enn 133 752 kroner, blir det tildelt tilleggsstipend ved utvalde lærestader. I figur 1 er dette illustrert ved eit skulepengebeløp på 150 000 kroner – på ein tilleggsstipendlærestad vil 16 248 kroner bli tildelt som tilleggsstipend. På ein lærestad som ikkje er på tilleggsstipendlista, vil 16 248 kroner bli tildelt som ekstra lån.


På ein ikkje-tilleggsstipendlærestad kunne Lånekassen i 2019–2020 tildele maksimalt 237 384 kroner i skulepengestøtte. Dersom studenten studerte på ein tilleggsstipendlærestad, kunne Lånekassen maksimalt tildele 309 704 kroner, der altså tilleggsstipendet blir tildelt før det ekstra lånet.

Oppsummert har altså ordninga med tilleggsstipend berre ein økonomisk fordel dersom skulepengane er høgare enn 133 752 kroner. Då kunne studentane i 2019–2020 få opp til 72 320 kroner i tilleggsstipend. Ordninga har også den fordelen at ein kan få opptil 309 704 kroner i skulepengestøtte på tilleggsstipendlærestader, mot 237 384 kroner på andre lærestader.

3.1. Tilleggsstipend i tal

Lånekassen tildeler store summer i støtte til å dekkje skulepengar ved utanlandske lærestader. Figur 2 viser utviklinga i tildelt skulepengestøtte frå og med undervisningsåret 2008–2009 til 2019–2020 i 2019-kroner.


Figur 2: Skulepengar til gradsstudium i utlandet, stipend og lån i 2019-kroner (millionar)



I undervisningsåret 2019–2020 vart det tildelt om lag 1,4 milliardar kroner i skulepengestøtte, der om lag 94 millionar kroner av desse var tilleggsstipend når ein inkluderer utvekslingsstudentar. Av den totale støtta som vart gjeven til skulepengar i utlandet, utgjorde tilleggsstipendet om lag 6 prosent.

Figur 3 viser talet på påbyrja utdanningar fordelt på nivå³ og om lærestaden er på tilleggsstipendlista.

Figur 3: Talet på påbyrja gradar utanfor Norden, fordelt på tilleggsstipendlærestad og nivå



For det første ser vi at dei fleste studentar ikkje studerer ved tilleggsstipendlærestader. I 2015–2016 vart det påbyrja om lag 4 600 gradar i utlandet, der i underkant av 850 var ved tilleggsstipendlærestader. Denne delen, på i overkant av 15 %, var stabil mellom 2008–2009 og 2015–2016. Etter dette stig delen til om lag 20 %, som må sjåast i samanheng med at talet på lærestader på tilleggsstipendlista auka.

For det andre ser vi eit markant fall i talet på påbyrja bachelorgradar i 2016–2017. Dette fell saman med endringa som vart gjort i tilleggsstipendlista, men kan ha samanheng med at kronekursen vart vesentleg svekt i framkant av dette undervisningsåret, noko som gjorde det dyrare å studere i utlandet.

Samtidig viser figuren at det har vore ei endring i kva for studienivå utanlandsstudentane byrjar på gradane. Ved lærestader som ikkje er på tilleggsstipendlista, har det heilt sidan 2008–2009 vore fleire som har byrjar på gradar på bachelornivå enn på masternivå. Med nedgangen i kronekursen før studieåret 2016–2017 var det likevel ein stor nedgang i talet på påbyrja bachelorgradar, frå om lag 3 100 i 2015–2016 til om lag 2 500 i 2016–2017. Dette gjeld både for tilleggsstipendlærestader og andre. På den andre sida heldt talet på påbyrja

³ Integrerte mastergradar er registrerte på masternivå. Dette gjeld blant anna dei fleste medisin-, veterinær- og odontologiutdanningar i utlandet.

master- og Ph.D-gradar seg relativt stabilt, som kan tyde på at studentar som planlegg å ta høgare gradar i utlandet, er mindre vare for endringar i blant anna valutakurs.

4. Historikk – frå sentral styring til internasjonale rankinglister

Tilleggsstipendet hadde sitt opphav i eit behov for fleire sivilingeniørar. Ordninga har gradvis utvikla seg til å bli meir orienterte rundt kvaliteten på lærestadene. Den endelege overgangen til eit reint kvalitetskriterium skjedde i 2016–2017, ved at den utvida tilleggsstipendlista forsvann og at internasjonale rankinglister blir nytta som indikatorar for kvalitet.

4.1. 1980-talet: Innføring med vektlegging av fagretningar og masternivå

Ordninga med tilleggsstipend kan sporast tilbake til byrjinga av 1980-talet. Då såg norsk næringsliv eit behov for å få utdanna fleire sivilingeniørar, og oppretta Norsk Næringslivs Stiftelse for Utdanning i Utlandet. Stiftinga gav frå 1981 stipend til studentar som tok sivilingeniørutdanning ved bestemte lærestader i Storbritannia – seinare også i USA – der skulepengane var høgare enn det Lånekassen dekte. I 1984 overtok departementet det økonomiske ansvaret for vidareføring av programmet, og talet på lærestader/land omfatta av tilleggsstipendordninga vart vesentleg utvida, og økonomisk-administrative fag og EDB-fag vart inkluderte. Ved særleg utvalde lærestader av høg kvalitet både i Storbritannia og USA kunne tilleggsstipend gjevast til alle masterprogram (St. meld. nr 19 (1996–1997)). I løpet av 1993 til 1995 vart ordninga lagd inn som ei særordning til dei ordinære støtteordningane i Lånekassen (Rotevatn 1997).

Den generelle støtta til skulepengar var underlagd eit anna regelverk enn i dag. Fram til og med 2003–2004 vart det tildelt eit stipend («gebyrstipend») som vart justert årleg. I 2003–2004 var dette på maksimalt 52 320 kroner. Utanom dette vart det ikkje gjeve noka støtte til skulepengar, med mindre utdanninga kvalifiserte for tilleggsstipend. Dersom utdanninga kvalifiserte for tilleggsstipend, kunne ein få opptil 55 320 kroner i tilleggsstipend, avhengig av kor mykje skulepengar ein måtte betale.

Eit rådgjevande utval for gebyr- og tilleggsstipend vart satt ned av departementet på 1990-talet, med representantar utpeikt frå Universitetsrådet og Høgskolerådet, studentorganisasjonane, arbeidslivets partar, Lånekassen, Noregs forskningsråd, arbeidsmarknadsetaten og Statens helsetilsyn. Utvalets mandat var å vurdere og fremje forslag til departementet om hvilke studier og lærestader som skulle kvalifisere for gebyr- og tilleggsstipend, og leggje vekt på å gi Noreg kompetanse på områder med låg kapasitet i det norske utdanningssystemet, eller der utdanning i utlandet kunne gi landet kompetanse som norske institusjonar ikkje kunne gi (St.meld. nr 36 (1998–99)).

I 2004–2005 var det til saman ti land representert på lista. Hovudvekta av lærestadene var likevel britiske og amerikanske institusjonar som til saman utgjorde 64 av dei 75 lærestadene

på lista.⁴ Eit aspekt ved lista var at ho skilde mellom utdanningar på lågare nivå (bachelor) og høgare nivå (master og PhD). Av dei 75 lærestadene var det berre 20 lærestader ein kunne få tilleggsstipend ved dersom ein tok utdanning på lågare nivå, og det var også krav på dei fleste lærestadene at ein måtte ta gradar innan EDB og informatikk for å kunne få tildelt tilleggsstipendet. På høgare nivå var det færre avgrensingar med tanke på fagretningar, og ved mange universitet kunne ein få tilleggsstipend ved alle program på høgare nivå.

På denne måten vart tilleggsstipendet brukt som eit finansielt insentiv for å styre studentane sine utdanningsval basert både på utdanningsretning og -nivå. Generelt var tilleggsstipendet tilpassa at studentar skulle ta høgare grads utdanning i utlandet, medan det for lågare grad var spesielt tilpassa at studentar skulle ta EDB- og informatikk-utdanningar. Denne styringa av tilleggsstipendet vart endra med den nye tilleggsstipendordninga som tredde i kraft i 2005–2006.

4.2. 2005–2006: Frå utdanningar til institusjonar

I 2004–2005 vart det innført ein ny modell for finansiering av skulepengar som framleis fungerer i dag, og som er skildra ovanfor i kapittel 3.⁵ I staden for eit reint gebyrstipend til skulepengar innførte ein at høgare gradsutdanning i utlandet og delstudium skulle finansierast med 70 % stipend og 30 % lån innanfor storleiken på gebyrstipendet, medan gradsutdanning på lågare nivå skulle finansierast med 50 % stipend og 50 % lån. I tillegg kunne ein få eit ekstra skulepengelån på 50 000 kroner. Dette innebar at innslagspunktet for når tilleggsstipend vart utløynt, vart vesentleg høgare. I 2003–2004 var innslagspunktet 59 165 kroner, medan det i 2004–2005 var 102 320 kroner.

Ei større endring i tilleggsstipendlista vart gjort før undervisningsåret 2005–2006, då dåverande Senter for Internasjonalisering av Utdanning (SiU) fekk overført ansvaret for utforminga av lista.⁶ Føringane for SiU sitt arbeid var at tilleggsstipendet skulle gjevast til studentar ved særleg kvalitetstunge utdanningar i utlandet; at ordninga skulle rettast mot høgare grads utdanning (mastergrad), men at også bachelorutdanning og PhD-utdanning skulle omfattast av ordninga; at tilleggsstipendet skulle gjelde på same vilkår for gradsstudentar og utvekslingsstudentar; og at tilleggsstipendet skulle utløyntast når skulepengane overskreid satsen for skulepengestøtte.

Basert på endringsforslaget frå SiU vart innhaldet i lista endra frå å vere basert på *utdanningar til institusjonar*. Dette ville seie at studentar ikkje lenger måtte ha opptak til bestemte utdanningar ved visse lærestader for å kunne ha rett til tilleggsstipend, men i staden berre trong å ha opptak ved visse lærestader. Ettersom lista vart utforma også med

⁴ Sjå vedlegg 2 for tilleggsstipendliste 2004–2005. Alle offentlege godkjende lærestader i Singapore og Japan var ein del av lista – desse er berre rekna som éin lærestad i denne oppteljinga.

⁵ Tilleggslånet på toppen av tilleggsstipendet vart innført i 2017–2018.

⁶ Frå 1.1.2018 ligg denne oppgåva til Direktoratet for internasjonalsisering og kvalitetsutvikling i høgare utdanning (DIKU) og frå 01.07.21 til Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse (HK-Dir)

tanke på høge skulepengar, vart lista dominert av lærestader i USA og Storbritannia, med einsskilte innslag frå Australia og Canada. Med endringa frå fokus på utdanningar til fokus på institusjonar flytta ein seg til ein viss grad bort frå den opphavlege intensjonen ved ordninga, som var å leggje til rette for at studentane skulle velje bestemte fagretningar i utlandet.

Ei liste med einsskilte utdanningar bestod likevel, som ei såkalla «utvida tilleggsstipendliste».⁷ Denne lista bygde vidare på det gamle prinsippet som spesifiserte kva for utdanningar ved særskilte lærestader som kvalifiserte til tilleggsstipend, trass i at lærestaden ikkje stod på lista over institusjonar der det kunne tildelast tilleggsstipend. Trass i omorganiseringa av lista valde ein dermed å halde fast ved sjansen til å styre studentar i retning av einsskilte utdanningar som var rekna for å vere spesielt gode. Dette systemet bestod fram til undervisningsåret 2016–2017, då det vart gjort ein ny omfattande revisjon av lista.

4.3. 2016–2017: Internasjonale rankinglister som grunnlag for tilleggsstipendlista

Endringane som vart gjorde i 2016–2017 var meint å gjere lista meir transparent og etterprøvbar. Det vart bestemt at dei internasjonale rankinglistene Times Higher Education (THE) og Academic Ranking of World Universities (ARWU) skulle leggjast til grunn for tilleggsstipendlista. Dette gjorde kriteria enklare og meir gjennomsiktige enn tidlegare. Samtidig forsvann den utvida tilleggsstipendlista med einsskilte utdanningar.

På denne måten vart andre kriterium enn kvalitet eliminert frå forvaltninga av tilleggsstipendlista. Det innebar likevel også at kriteria for kvalitet i THE- og ARWU-listene vart førande for kva for lærestader som var på tilleggsstipendlista. Dette medførte også ein del kritikk. Blant anna forsvann nokre relativt små institusjonar med høg kvalitet og høge skulepengar, som School of Oriental and African Studies (SOAS), ut av lista.

I og med at innslagspunktet for tilleggsstipend i 2016–2017 var på 126 160 kroner, tyder det at mange av dei nye lærestadene på lista ikkje ville utløyse tilleggsstipend – det ville altså ikkje dermed bli nokon økonomisk fordel for studentar ved desse lærestadene fordi dei ikkje betalte tilstrekkeleg høge skulepengar.

Frå og med undervisningsåret 2022–23 er det bestemt at tilleggsstipendlista berre skal bestå av 75 institusjonar. Dei same utvalskriteria med basis i rangering på THE- og ARWU-listene består. Dette inneber at tilleggsstipendlista blir redusert frå 147 lærestader til 75 lærestader.

⁷ Sjå vedlegg 3: Utvida tilleggsstipendliste 2015–2016

5. Endringa i 2016–2017: Påverka den studentane sine val?

Som omtalt over var det i 2016–2017 ei større endring i forvaltninga av tilleggsstipendordninga. For det første forkasta ein den utvida tilleggsstipendlista med einskildutdanningar, og for det andre endra ein utvalskriteria for lærestadene på tilleggsstipendlista.

Frå 2015–2016 til 2016–2017 var det heile 50 lærestader som kom inn på lista, medan 22 lærestader forsvann ut. Dei ti føregåande åra var det til saman 21 lærestader som hadde kome inn på lista, medan 13 lærestader i den same perioden forsvann ut. Det var altså ei relativt stor endring frå eitt år til eit anna. Dette gjer det mogleg å studere i kva grad tilleggsstipendlista hadde påverknad på studentar sine val av studiestad.

Det er fleire faktorar som påverkar og endrar studentar sine val av lærestader i utlandet. Dette kan blant anna vere valutakursar, rankinglister, lærestadene sitt renommé, høge skulepengar og språklege- og kulturelle barrierar. Denne undersøkinga er ikkje eit forsøk på å

modellere norske studentar sine val av lærestad i utlandet, men ei undersøking av i kva grad ein lærestad sin endra status på tilleggsstipendlista ser ut til å ha hatt innverknad på talet på norske studentar som har påbyrja utdanningar ved desse lærestadene.


Hovudfunksjonen til tilleggsstipendlista er å vise kva for lærestader ein må studere ved for å kunne få tildelt tilleggsstipend. På ei anna side kan ho også ha ein informasjonseffekt, ved at lista opplyser studentar om kva for lærestader som har topp kvalitet, som relevant å vite når dei bestemmer seg for kvar dei ønskjer å studere.

For å sjå nærare på korleis vi kan forsøke å skilje desse potensielle effektane, kan vi sjå på i kva grad skulepengane er tilstrekkeleg høge til at tilleggsstipendet blir utløyst. Delen som *ikkje* fekk tildelt tilleggsstipendet, hadde altså ingen økonomisk fordel i form av lånekassestøtte. Dersom tilleggsstipend vart utløyst, var skulepengane monalege. I figur 4 ser vi nærare på delen som fekk tildelt tilleggsstipend i høvesvis Storbritannia, USA/Canada/Australia og Kontinentaleuropa blant dei studentane som gjekk på lærestader der dette kunne bli tildelt.

Land	Tal inn	Tal ut
Nederland	8	
Tyskland	8	
Storbritannia	5	13
Sveits	5	
Kina	4	
Australia	3	
Frankrike	3	
USA	3	8
Belgia	2	
Canada	2	1
Japan	2	
Singapore	2	
Israel	1	
Russland	1	
Sør-Korea	1	
Totalt	50	22

Tabell 2: Endringar i talet på lærestader på tilleggsstipendlista frå 2015–16 til 2016–17

Figur 4: Del av studentar med påbyrja grader ved lærestader på tilleggsstipendlista, der tilleggsstipendet var tildelt



I Storbritannia har det etter 2010 vore mellom 500 og 600 studentar som byrjar på gradar ved tilleggsstipendlærestader. Delen som også har fått tilleggsstipend, har endra seg noko. Dette kjem i hovudsak av at pundet styrkt seg mot norske kroner, som medførte at skulepengestøtta frå Lånekassen vart høgare fordi støtta blir tildelt i kroner. Valutaendringa medførte dermed at det vart tildelt meir støtte frå Lånekassen, sjølv om studentane betalte det same som tidlegare i britiske pund. I perioden 2009–2010 til 2013–2014 var det om lag halvparten som fekk stipendet, medan delen etter dette har lege relativt konstant på om lag 80 prosent.

I USA, Canada og Australia har det vore om lag 200 studentar som årleg byrjar på ein grad ved lærestader som ligg på tilleggsstipendlista frå og med 2010. I den same perioden har også delen som har fått tilleggsstipend, lege relativt konsistent på om lag 80 prosent. Dette indikerer at skulepengane generelt er høge i desse landa.

Endringane i 2016–2017 medførte at også land utanfor USA, Canada, Australia og Storbritannia kom inn på lista. Frå Kontinentaleuropa var det totalt 26 lærestader som kom inn på lista. I dei fire undervisningsåra vi ser på, har det vore mellom 130 og 200 studentar årleg som byrja på gradar ved desse lærestadene, av desse vart cirka 2 prosent tildelt tilleggsstipend. Det tyder at dei færraste som byrja ved desse lærestadene, fekk nokon økonomisk fordel av at lærestaden kom inn på tilleggsstipendlista.

5.1. Storbritannia – har meir eller mindre stipend ein verknad?

For å sjå nærare på om meir eller mindre tildeling av stipend påverkar studentane sitt val av lærestad, har vi sett nærare på Storbritannia. Årsakene til dette er fleire. For det første er Storbritannia det landet med flest norske studentar og der talet på studentar ved mange lærestader er relativt høgt. For det andre bestod endringa i 2016–2017 både av lærestader som kom inn og som gjekk ut av tilleggsstipendlista. For det tredje var det relativt mange studentar ved desse lærestadene då endringa skjedde, og for det fjerde var skulepengane så høge ved desse lærestadene at dei fleste vart tildelt tilleggsstipendet. Samtidig går vi ut frå at det er ein informasjonseffekt ved at lærestader både kjem inn på og går ut av ei liste over kvalitetsuniversitet, men vi klarer ikkje å skilje dei to effektane frå kvarandre.


Dei britiske lærestadene som forsvann ut av lista i 2016–2017, var blant andre University of St. Andrews, University of Bath, University of Durham, University of Essex, University of York, Lancaster University, School of Oriental and African Studies (SOAS), Royal College of Art og Courtauld Institute of Art. Ved desse institusjonane byrja i overkant av 230 norske studentar nye gradar i studieåret 2015–2016, der 88 % betalte så høge skulepengar at tilleggsstipendet vart tildelt. Det relativt høge talet på studentar og at tilleggsstipend vart utløyrt for dei fleste studentane, gjer dette til ein god test på om det kan ha ein effekt at ein lærestad fell ut av tilleggsstipendlista.

Samtidig var det også fleire britiske lærestader som kom inn på lista. Desse var King's College London, University of Exeter, University of Glasgow, University of Birmingham og University of Nottingham. I 2015–2016 byrja 88 studentar på gradar ved desse lærestadene. Då desse lærestadene kom inn på tilleggsstipendlista i 2016–2017, var det 80 % som vart tildelt tilleggsstipend, noko som viser at skulepengane var høge. Sjølv om talet på studentar er lågare enn i gruppa av lærestader som forsvann ut frå lista, var altså skulepengane tilstrekkeleg høge til at tilleggsstipendet vart tildelt dei fleste studentane. Dette gjer det til ein god test på om det kan ha ein effekt at lærestader kjem inn på lista.

I Storbritannia har vi altså høve til å studere endringane både for lærestader som forsvann ut av lista, og for lærestader som kom inn på lista, samtidig som skulepengane for dei fleste var høge nok til å utløyse tilleggsstipend.

Figur 5 viser utviklinga på lærestader i Storbritannia som kom inn på tilleggsstipendlista i 2016–2017 og lærestadene som fall ut av tilleggsstipendlista det same året. Vi har indeksert tala for 2015–2016, slik at vi lettare kan følgje utviklinga etter endringa med verknad frå og med 2016–2017. I tillegg har vi lagt inn utviklinga for alle andre lærestader i Storbritannia, som anten vart verande inne eller vart verande ute av tilleggsstipendlista.

Figur 5: Oppstarta utdanningar i Storbritannia fordelt på lærestader som kom inn på og gjekk ut av tilleggsstipendlista i 2016–2017 og resten, indeksert for 2015–2016



Den lilla linja markerer utviklinga i talet på nye studentar på lærestader i Storbritannia, som *ikkje* gjekk inn eller ut av tilleggsstipendlista i 2016–2017 eller seinare – altså lærestader som ikkje hadde endra status på tilleggsstipendlista. Frå 2015–2016 til 2016–2017 er det om lag 20 % nedgang i nye påbyrja gradar ved desse lærestadene. Dersom ein berre ser på dei 13 lærestadene som vart verande på lista, observerer vi likevel ein liten oppgang på 4 prosent i 2016–2017, trass i den generelle nedgangen i Storbritannia. Dette kan kome av at studentar som byrjar på dei aller høgast rangerte lærestadene i mindre grad er påverka av til dømes endringar i valutakursar.

Den lyseste rosa linja markerer dei britiske lærestadene som var på tilleggsstipendlista i 2015–2016, men fall ut av lista i 2016–2017 og ikkje har vore på lista sidan. Dersom det ikkje hadde noka betydning å falle ut av tilleggsstipendlista, ville vi ha forventa ein nedgang i nye påbyrja gradar på om lag 20 prosent som den lilla linja. Frå 2015–2016 til 2016–2017 er det likevel ein nedgang på heile 45 prosent. Dette var heller ikkje eit resultat av at nokre få av desse lærestadene trekte ned gjennomsnittet – alle lærestadene som rauk ut av lista, hadde ein nedgang på mellom 33 og 53 prosent. I løpet av dei to neste åra hadde talet på nye påbyrja gradar meir enn halvert seg i forhold til referanseåret 2015–2016.

Den mørkeste rosa linja markerer utviklinga på lærestader som var ute av lista i 2015–2016, men som kom inn på lista i 2016–2017, og som har vorte verande der sidan. Medan det var ein generell *nedgang* i talet på nye påbyrja gradar i Storbritannia i 2016–2017 på om lag 20 prosent, hadde desse lærestadene ein *oppgang* på om lag 20 prosent. I åra 2016–2017 til og med 2018–2019 ser vi at nivået er relativt stabilt, med ein liten nedgang i 2019–2020.

